



OSLO TINGRETT

DOM

Sagt: Fredag 6. november 2009

Saksnr.: 09-075970 PRI-OTIR/04

Fagommar: Tingrettsdommar Oddmund Svarteberg

Meddommarar: Turid Elisabeth Läckström
Lasse Rex Gunneriussen

Saka gjeld: Mortifikasjon av og oppreisingserstatning for ærekrenkingar

Per Olav Flatabø

Advokat Per Danielsen

mot

Verdens Gang AS
Bernt Olufsen
Frank Haugsbø

Advokat Sigurd Holter Torp
Advokat Sigurd Holter Torp
Advokat Sigurd Holter Torp

Det blei sagt slik

d o m :

Saka gjeld krav om mortifikasjon av og oppreisningserstatning for to utsegn det er gjort gjeldande at er ærekrenkjande.

Bakgrunnen for saka

Journalist Frank Haugsbø i Verdens Gang AS, frå no av VG, forklarte i retten at ein person i mai/juni 2008 informerte han om at det hadde vore bokettersyn hos tidlegare advokat Per Olav Flatabø som slutta som praktiserande advokat i februar 2006 då han begynt som nemndleiar i Utlendingsnemnda (UNE).

Haugsbø fekk tilgang til bokettersynsrapporten og seinare til ein del andre dokument i saka, mellom anna ein forliksklage av 14. november 2007 som Kari og Brede Sylju hadde teke ut mot AIG Europe og Atradius.

I ein e-post av 20. august 2008 frå Haugsbø til advokat Heide, som var advokaten til dei to forsikringsselskapa, står det:

Jeg har vært på besøk hos Brede og Kari Sylju på Gardermoen, og intervjuet dem i forbindelse med deres bestrebelser på å få erstatning i kjølevannet av kontakten med advokat Per Flatabø. Syljus hevder som du er kjent med at Flatabø har stjålet midler fra dem og at han har glemt å sende inn et erstatningskrav på tre millioner kroner og således påført dem et stort tap. Dette mener de advokatens forsikringsselskap må svare for.

Ekteparet fremsetter i intervjuet ganske hard kritikk mot deg – som representant for AIG og Atradius – som jeg må be deg om at du svarer på.

...

Flatabø har gjort gjeldande at følgjande utsegn i e-posten er ærekrenkjande: ”*Syljus hevder som du er kjent med at Flatabø har stjålet midler fra dem og at han har glemt å sende inn et erstatningskrav på tre millioner kroner og således påført dem et stort tap.*”

Fredag 12., laurdag 13. og torsdag 18. september 2008 hadde VG tre artiklar relatert til Flatabø si advokatverksemd. I den fyrste artikkelen er det i hovudsak fokusert på at Tilsynsrådet for advokatverksemd hadde retta sterk kritikk mot Flatabø for brot på lover og forskrifter i samband med regnskapsføring og organisering i advokatfirmaet Flatabø dreiv saman med ein annan advokat, og foreslått for styret i Tilsynsrådet at Flatabø blei rapportert inn for Advokatbevillingsnemnda med forslag om å kalle tilbake advokatbevillinga hans.

Den andre artikkelen har overskrifta ”*Måtte betale tilbake 71 000 kr.*” med fotografi av Flatabø ved sida av. Det er også eit fotografi av ektefellane Sylju i tilknytning til artikkelen. Under fotografiet står det: ”*KJEMPER: Kari Sylju (66) er ufør etter at hun ble angrepet og skadet på en fylkeskommunal institusjon på 90-tallet. Sammen med ektemannen Brede Sylju (68) kjemper ekteparet for å få erstatning etter det de mener er skandaløst advokatarbeid.*”

I ingressen står det: ”*I januar 2003 rapporterte Kari og Brede Sylju advokat Per Flatabø til Den Norske Advokatforening for første gang. Fire år senere gikk revisorene til aksjon.*” Sjølve artikkelen lyder som følger:

– Vi rapporterte ham for å få bistand til å få oversendt saksdokumenter, og for å få tilbake penger vi mente han urettmessig hadde tilegnet seg, sier ekteparet til VG.

Året etter måtte advokaten betale tilbake 71 000 kroner til sine tidligere klienter. Dette var penger Disiplinærnemnda i Den Norske Advokatforening mente advokaten hadde tatt for mye i salær fra ekteparet. Nemnda konkluderte med at Flatabø hadde opptrådt i strid med reglene for god advokatskikk, og ila ham en irettesettelse.

Brøt regler

I 2006 ble Flatabø igjen felt i Disiplinærnemnda. Da konkluderte nemnda med at han hadde brutt regler for god advokatskikk fordi han på et svært sent tidspunkt svarte på et krav fra ekteparet om å få utlevert dokumenter.

– **Manglende oppfølging og mangel på klare tilbakemeldinger gjør at innklagede har bevisbyrden for at han ikke urettmessig har holdt dokumenter tilbake. Det kan ikke ses at han har oppfylt sin bevisbyrde, uttaler Disiplinærnemnda.**

I flere år representerte Flatabø Kari Sylju i en yrkesskadesak.

I 2002 avsluttet ekteparet samarbeidet med Flatabø, fordi de var misfornøyde med jobben han hadde gjort.

– **Vi oppdaget dessverre for sent at Flatabø var en katastrofe for oss. Samarbeidet med ham kostet oss dyrt, bokstavlig talt, sier ekteparet.**

Kari og Brede Sylju hevder at advokaten urettmessig har tilegnet seg over 100 000 kroner som er innbetalt på klientkontoen.

De mener han også har påført dem et tap på inntil tre millioner kroner, fordi Flatabø skal ha glemt å ta ut et erstatningskrav mot Akershus fylkeskommune og et skadeforsikringsselskap i forbindelse med yrkesskadesaken til Kari Sylju.

– Dette førte til at hun fikk betydelig lavere erstatning enn om kravet hadde blitt reist, sier Brede Sylju.

Forsikringskamp

Ekteparet har i flere år kjempet for å få utbetalt erstatning fra forsikringsselskapene AIG og Atradius, der norske advokater er forsikret.

Ifølge Sylju sitter Flatabø på en rekke dokumenter de trenger for å dokumentere tapene de mener at advokaten har påført dem.

– Det er kun Flatabø som kan skaffe til veie opplysningene, seier Sylju, som frykter at dokumenter kan ha forsvunnet.

VG har stilt Per Flatabø flere spørsmål i forbindelse med denne saken. I en e-post skriver Flatabø følgende:

– De krav ektefellene Sylju påstår å ha, tilbakeviser jeg som fullstendig grunnløse. Ut over dette ønsker jeg ikke å kommentere saken.

Flatabø har gjort gjeldande at følgjande utsegn i artikkelen er ærekrenkjande: ”*De mener han også har påført dem et tap på inntil tre millioner kroner, fordi Flatabø skal ha glemt å ta ut et erstatningskrav mot Akershus fylkeskommune og et skadeforsikringsselskap i forbindelse med yrkesskadesaken til Kari Sylju.*”

Den tredje artikkelen har overskrifta ”ADVARSEL til nemndleder”. I ingressen står det: ”Leder Per Flatabø i Utlendingsnemnda beholder bevillingen, men har fått en advarsel av Advokatbevillingsnemnda.”

Saksgangen for retten

Per Olav Flatabø gjekk ved stemming av 7. mai 2009 til privat straffesak mot Verdens Gang AS, sjefsredaktør Bernt Olufsen og journalist Frank Haugsbø, med krav om mortifikasjon av to utsegn som han meiner er ærekrenkjande, og krav om oppreisingserstatning med inntil kr 500.000 av VG og inntil kr 100.000 av både Olufsen og Haugsbø. I tilsvar av 4. juni 2009 imøtegjekk dei saksøkte krava og la ned påstand om å bli frifunne.

Det blei halde saksførebuande rettsmøte 7. september 2009. Etter vidare skriftleg saksførebuing blei hovudforhandling halde i Oslo tinghus onsdag 7. og torsdag 8. oktober 2009. Per Olav Flatabø møtte i lag med prosessfullmektigen sin, advokat Per Danielsen, og forklarte seg for retten. Advokat Sigurd Holter Torp møtte som prosessfullmektig for dei tre saksøkte. Bernt Olufsen, som også møtte som partsrepresentant for VG, og Frank Haugsbø, forklarte seg begge for retten. Fire vitne gav også forklaring. Det som blei dokumentert i saka, går fram av rettsboka frå hovudforhandlinga.

Partane sine påstandsgrunnlag og påstandar

På vegne av **saksøkaren** har advokat Per Danielsen i hovudsak gjort gjeldande:

Innleiing

Redaktør Olufsen har gitt uttrykk for at VG fritt kan referere uttaler berre den som blir kritisert har fått frist til å uttale seg, men det er ikkje slik gjeldande rett er å forstå. Det er heller ikkje slik at dersom ein har gjort ein feil, må ein tole kritikk for alt anna ein har gjort. I Norsk Retstidende (Rt.) 1992 side 854 har Høgsterett sagt at ein ikkje kan omtale alle skuldingar sjølv om vedkomande har trådd feil tidlegare.

Tolkinga av utsegnene

Retten skal ta stilling til to enkeltståande utsegner. Spørsmålet er korleis folk fleste, den alminnelege lesaren, vil oppfatta det som er skrive, og kva inntrykk vedkomande vil sitje att med. Den som les skuldinga i artikkelen i VG 13. september 2008, vil oppfatte det slik at Flatabø gløymde å ta ut søksmål, og dermed påførde Kari Sylju eit tap på tre millionar kroner. I e-posten Haugsbø sende til advokat Heide 20. august 2008, er det sagt rett ut at Flatabø har stole midlar frå ekteparet Sylju. Alle som les det som er skrive, vil sitje att med ei oppfatning om at Flatabø ikkje har gjort jobben sin.

Utsegnene er utvilsamt faktaytringar og ikkje verdivurderingar. Det kan bevisast at det ikkje er slik ekteparet Sylju har sagt, og det er tale om anten eller og ikkje både og. VG har bevisføringsplikta og dermed bevisbyrda for at utsegnene er sanne, og beviskravet er noko over 50 %. Ein skal vurdere situasjonen slik den er i dag, men aktløysevurderinga skal gjerast ut frå den kunnskapen VG sat inne med den gongen utsegnene blei sett fram.

Flatabø gjorde ein svært god jobb for Kari Sylju ved at ho fekk meir enn ein million kroner i erstatning, men fleire år etterpå lenge etter at saka var forelda, har ekteparet Sylju kome med påstand om at Flatabø gløymde å fremme krav mot Akershus fylkeskommune då Kari Sylju i 1995 gjekk til søksmål om erstatning for skade ho var påført i 1989. Den gongen hadde ho ikkje noko rettsleg grunnlag for å gå til sak mot fylkeskommunen ut over forsikringa. Hadde ein annan tilsett påført henne skade, kunne det kanskje ha vore tale om arbeidsgivaransvar, men ho blei skadd av to pasientar, og yrkesskadeforsikringslova gjaldt ikkje for skader konstatert før 1990. Prosessvarslet som no er fremma, gjeld då også noko heilt anna enn det VG bygger på.

Også svake menneske har rett til å ytre seg, men det går ei grense, og her har VG gått for langt. Det som er alvorleg er at VG har offentleggjort det ekteparet Sylju har sagt. Flatabø, som var advokat for ekteparet i sju år i motsetning til dei andre advokatane dei har brukt, har bevist så mange år etterpå at han har alt på det tørre.

Ein kan til ein viss grad overdrive eller provosere i moralsaker, men ikkje i faktasaker, og skuldningane er ikkje så milde at det av den grunn ikkje er tale om ærekrenkjande uttaler. Dei er openbert eigna til å skade Flatabø sitt gode namn og rykte, og er også klart eigna til å påføre han tap av tillit i næring som er vesentleg. Ein advokat får ikkje oppdrag dersom han ikkje har tillit.

Rettsstrid

Utsegnene er ærekrenkjande, men hovudtemaet i saka er om dei også er rettsstridige. Etter rettspraksis skal ein vege artikkel 10 i Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) opp mot artikkel 8, og i begge bestemmelsane heiter det at inngrep i vernet må vere nødvendig i eit demokratisk samfunn. Det skal gjerast ei forholdsmessigheitsvurdering mellom ytringsfridommen og personvernet.

”Pressing social need” betyr at det må vere tale om eit visst sosialt behov for å gripe inn i vernet, men andre vil kanskje seie meir presserande sosialt behov. I praksis skal det ikkje mykje til for at det er nødvendig med inngrep i ytringsfridommen. At ein person har opplevd uttalene som tyngande, er nok. Rykte og ærekjensle er omfatta av personvernet, og det er der ein må begynne.

Hovudregelen i saker om faktaytringar, er at den som har sett fram utsegna skal domfellaast med mindre det føreligg spesielle grunnar. Kravet til spesielle grunnar er berre oppfylt dersom media refererar frå offentleg pålitelege kjeder som i sakene Nordlys, Columbianarsaka og Tønsbergs Blad. I saka her er det ingen spesiell grunn til unntak, og dermed skal hovudregelen slå inn.

Aktsemdskravet i straffelova § 249 nr. 3.

Kravet til bevis for at den som har ytra seg, har handla aktsamt, er strengt, og går på sanningsinnhaldet i utsegna saka gjeld. Kravet til aktsemd er like strengt i Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) som det som gjaldt for pressa etter norsk rettspraksis i 1980-åra.

Redaktør Olufsen veit at kravet til aktsemd er strengt, og at ein må vurdere kva ein skriv før ein trykker det. Journalistar har plikt og ansvar – duties og responsibilities – for at informasjon dei offentleggjer, er nøyaktig, noko som er det same som etisk journalistikk. Skuldingar skal vere verifisert før dei blir trykt og ikkje seinare, noko som også går fram av dommen av Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) i sak EMD-2000-57313 Harlanova mot Latvia. VG har sjølv tapt på nett det same grunnlaget før.

Ein journalist må opptre aktsamt i ein kvar samanheng, og har ei sjølvstendig plikt til å vurdere. Journalist Haugsbø stilte seg ikkje kritisk til kjeldene sine, og har vedgått at han ikkje vurderte noko som helst, men overlet det til redaksjonen. Han har også vedgått at han berre hadde forliksklagen utan vedlegg, og han spurde ikkje om Flatabø var advokaten til ekteparet Sylju på den tida. Han skulle ha skaffa bevis for at Flatabø hadde ”stjålet” Sylju sine pengar. Sylju sa også at formannen i forliksrådet laug, og at han sjølv har blitt skulda for å ha psykiske problem, og ekteparet Sylju hadde hatt fleire advokatar gjennom åra. Når ein får slik informasjon, kan ein ikkje ta det personen seier for god fisk utan å undersøke nærmare. I tillegg åtvare Flatabø VG om at han kom til å ta ut søksmål, og viste til at nokon ønska å ramme han i ein privat konflikt. Hadde VG undersøkt, ville avisa ha visst at opplysningane var uriktige.

Her er det ikkje berre tale om manglande kjeldekritikk og mangel på bevis. Det går også på forma ved at VG let ekteparet Sylju sine uttaler bli ordrett gjengjeve på trykk. Uttalene kunne ha vore omformulerte utan at det hadde gått ut over på kvaliteten på artikkelen.

VG seier at det berre er tale om vidareformidling. I Norsk Retstidende (Rt.) 2006 side 286 er det sagt at ein pliktar å undersøke nærmare så sant det ikkje er tale om uttaler som er komne frå offentlege dokument. Sidan ekteparet Sylju sine uttaler ikkje kom frå eit offentleg dokument, skulle Haugsbø ha undersøkt nærmare før uttalene kom på trykk.

Allmenn interesse

At saka har allmenn interesse er eit nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg vilkår for å kunne referere. Spørsmålet er ikkje om saka i seg sjølv har allmenn interesse, men om dei aktuelle skuldingane – ytringane – har allmenn interesse. At ekteparet Sylju meiner det som er sagt, er ikkje så viktig at det måtte refererast.

Flatabø er kanskje litt meir kjent enn advokatar flest, og saka var noko spesiell, men rettspraksis frå EMD er full av døme på at offentlege personar ikkje treng finne seg i injurierande uttaler, mellom anna Jürg Haider.

Mortifikasjon

Det Flatabø er blitt utsett for, var rettsstridig, og han skal derfor ha medhald, og då må dei to uttalene mortifiserast, og det følgjer av det at han også skal ha erstatning.

Erstatning

Erstatninga må bygge på eit rimelegheitsskjønn. I England blei ein person dømt til å betale 15 millionar kroner, men i Noreg er nivået mykje lågare. I 1994 fekk ein lege vel ein million kroner i oppreising, og Flatabø må i alle fall få nokre hundre tusen kroner. VG er rik, er ei av Noregs største aviser og lever av dette. Beløpet må vere så stort at det blir merka.

Flatabø har dessutan blitt utsett for ei krekande bevisføring ved at det er drege fram alt han er kritisert for i arbeidet sitt langt tilbake i tid, og då følgjer det av forarbeida av 1934 at oppreisingsbeløpet skal vere større.

Ein redaktør har ansvaret for alt som skjer i avisa hans, og redaktøransvaret er til stades her på objektivt grunnlag. Dermed må også Olufsen betale erstatning for at andre skal slette det same i framtida. Det skal ikkje vere slik at ein berre kan kome springande med udokumenterte påstandar. Andenæs skreiv for mange år sidan i 1978 at alle i samfunnet må vere takksame for at nokon vil vere villige til å gå til sak mot ei så stor overmakt som VG er.

Per Olav Flatabø la under hovudforhandlinga ned slik påstand:

1. Følgende beskyldning publisert i avisen Verdens Gang AS 13. september 2008 erklæres død og maktesløse (mortifiseres):
 - 1.1. ”De mener han også har påført dem et tap på inntil tre millioner kroner, fordi Flatabø skal ha glemt å ta ut et erstatningskrav mot Akershus fylkeskommune og et skadeforsikringselskapet i forbindelse med yrkesskadesaken til Kari Sylju.”
2. Følgende beskyldning fremsatt i e-post datert 20. august 2008 erklæres for død og maktesløse (mortifiseres) i forhold til journalist Frank Haugsbø:
 - 2.1. ”Syljus hevder som du er kjent med at Flatabø har stjålet midler fra dem og at han har glemt å sende inn et erstatningskrav på tre millioner kroner og således påført dem et stort tap.”
3. Verdens Gang AS dømmes til å betale oppreisningserstatning til Per Flatabø med et beløp fastsatt etter rettens skjønn, begrenset oppad til kr 500.000,-.
4. Sjefsredaktør Bernt Olufsen dømmes til å betale oppreisningserstatning til Per Flatabø med et beløp fastsatt etter rettens skjønn, begrenset oppad til kr 100.000,-.
5. Journalist Frank Haugsbø dømmes til å betale oppreisningserstatning til Per Flatabø med et beløp fastsatt etter rettens skjønn, begrenset oppad til kr 100.000,-.
6. Verdens Gang AS, Bernt Olufsen og Frank Haugsbø dømmes in solidum til å betale Per Olav Flatabøs saksomkostninger.

På vegne av **dei saksøkte** har advokat Sigurd Holter Torp i hovudsak gjort gjeldande:

Innleiing

Saka gjeld to utsegner som er vidareformidla, og dei er korrekt attgjevne. Bevisføringa viser dessutan eintydig at utsegnene har tilstrekkeleg forankring.

Utsegna i artikkelen i VG 13. september 2008 må sjåast i samanheng med heile serien på tre artiklar. Oppfatninga ein vanleg avislesar sit att med etter å ha lese alle artiklane, vil også avhenge av om Flatabø har brukt tilsvaret sin.

Det er ein glidande overgang mellom faktautsegner og verdivurderingar, og ikkje eit anten eller. Ei faktisk utsegn må vere sann, noko som avheng av om den er konkret og presis, men også faktiske utsegner kan ha i seg element av verdivurderingar der spørsmålet då er om det er tilstrekkeleg faktisk grunnlag for utsegna.

Inngrep i ytringsfridommen

Skal ei utsegn vere ærekrenkjande må den korrekt tolka fylle det objektive gjerningsinnhaldet i straffelova § 246 eller 247 og dessutan vere rettsstridig. Dei ymse momenta som skal avvegast ved rettsstridvurderinga, er søkt innteke i forslag til ny skadeerstatningslov § 3-6a.

Idømming av oppreisingserstatning inneber eit inngrep i ytringsfridommen etter grunnlova § 100 og Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) art. 10, og kan berre skje når det er nødvendig i eit demokratisk samfunn. Slike inngrep krev "a pressing social need" som inneber at det er krav om ein tungtvegande grunn. Høgsterett har i Valebrokk-kjennelsen i Norsk Retstidende (Rt.) 2003 side 593 avsnitt 58 sagt at det må til eit påtrengande sosialt behov for å gjere inngrep. Terskelen er altså høg.

Det er ikkje slik som motparten har gjort gjeldande at Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) no legg meir vekt på vern av omdømme ved vurderinga av om det skal gjerast inngrep i ytringsfridommen. Derimot må ein som sjølv har eksponert seg for sterk kritikk, tole meir enn andre. EMD har også lagt stor vekt på pressa si rolle i eit demokratisk samfunn.

Utsegna om at ekteparet Sylju meiner at Flatabø har påført dei eit tap på inntil tre millionar kroner

Det går klart fram at utsegna i artikkelen i VG 13. september 2008, som er bortgøymd i ein av tre artiklar, er kome fram i intervju med ekteparet Sylju, og at det er deira subjektive oppfatning at Flatabø har påført dei eit tap. Dermed er det tale om ei meiningsytring eller med andre ord ei verdivurdering. Bevistemaet er kor vidt ekteparet Sylju faktisk meinte at Flatabø har påført dei eit tap på inntil tre millionar kroner og ikkje om eit eventuelt erstatningskrav vil føre fram sidan dei ikkje seier at dei har eit erstatningskrav mot Flatabø.

At ekteparet faktisk meinte og meiner det som står, gjekk fram av forklaringa dei gav i retten. I tillegg kjem at verdivurderinga er teke med atterhald ved at det står at Flatabø ”skal ha glemt”, noko som svekkar grovheita av utsegna. Dermed er det tale om ei vidareformidling av ei verdivurdering med atterhald som er kontant tilbakevist av Flatabø på slutten av artikkelen som fullstendig grunnlaus. VG har ikkje drege nokon konklusjon, men har vist til at partane har forskjellig syn på faktum. Dette er ikkje ærekrenking.

Subsidiert må det eventuelt vurderast kor vidt det finst faktiske haldepunkt for at Flatabø har påført ekteparet Sylju eit tap på inntil tre millionar kroner, men uansett er det tale om ei utsegn som er svært lite ærekrenkjande, og dermed er kravet til faktisk forankring tilsvarande lågt.

Flatabø fremma i 2001 forliksklage mot Akershus fylkeskommune av di han meinte at erstatninga Kari Sylju var tilkjent av Borgarting lagmannsrett i 1999, ikkje representerte erstatning for det fulle tapet hennes etter ein yrkesskade i 1989. Arbeidsgivaren svarar i følge skadeerstatningslova § 2-1 nr. 1 for skade ein arbeidstakar er påført forsettleg eller aktlaust under utføring av arbeidet sitt. I forliksklagen har Flatabø påropt seg objektivt ansvar og skuldansvar. Sidan det er tale om same skade følgjer det av foreldingslova § 9 at det ikkje gjeld nokon ny frist. Dermed skulle saka mot arbeidsgivaren ha vore fremma saman med forsikringssaka i 1995, men Flatabø fremma forliksklagen i 2001 etter at kravet for lengst var forelda, og han har sjølv sett det til tre millionar kroner. Dermed har utsegna tilstrekkeleg faktisk forankring med god margin og då er den ikkje rettsstridig.

Utsegna om at ekteparet Sylju hevdar at Flatabø har stole midlar frå dei

Utsegna om at Flatabø skal ha stole midlar frå ekteparet Sylju, sto i ein e-post av 20. august 2008 frå Haugsbø til advokat Heide som var advokaten til Flatabø sine to forsikringsselskap. Påstanden om at denne utsegna er ærekrenkjande, rettar seg utelukkande mot Haugsbø.

Siste delen av spørsmålet i e-posten er identisk med utsegna om at Flatabø skal ha påført ekteparet Sylju eit tap på inntil tre millionar kroner i artikkelen i VG 13. september 2008. Det sentralen i utsegna er dermed den fyrste delen som må sjåast i samanheng med utsegna om at ”Kari og Brede Sylju hevder at advokaten urettmessig har tilegnet seg over 100 000 kroner som er innbetalt på klientkonto” i artikkelen i VG 13. september 2008. Omgrepet ”stjålet midler” i e-posten rettar seg direkte mot det refererte som er publisert, men det er ikkje angripe, og då kan heller ikkje det som står i e-posten vere ærekrenkjande.

Det går fram av ein e-post av 17. september 2008 at Flatabø har forstått utsegna i artikkelen i VG 13. september 2008 på same måten som det Haugsbø skreiv i e-posten til advokat Heide, men Flatabø har likevel ikkje angripe utsegna i artikkelen av di ekteparet Sylju i alle fall hadde delvis dekning for den slik at den dermed ikkje er rettsstridig. Det er dessutan tale om ei rein vidareformidling av ei verdivurdering. Advokat Rødвик brukar i prosessvarselet uttrykk som underslag og misbruk. I tillegg kjem at dette var kjent for advokat Heide, noko som går fram av e-posten,

og Heide sa i retten at han visste om skuldinga. Ytringsfridommen vernar også mot visse overdrivingar, provokasjonar og feilgrep.

Ordet ”stjålet” skal ikkje tolkast i juridisk forstand. Advokat Heide, som ikkje la nokon vekt på ordet og var vel kjend med at ekteparet Sylju sjølv var av den oppfatninga, avviste straks påstanden som bevisleg ukorrekt. Haugsbø modererte den dessutan seinare. Korrekt tolka er ikkje denne utsegna ærekrenkjande.

Uansett er det tale om ei verdivurdering og ei svært lite grov skulding med lågt krav til faktisk forankring.

Prinsipalt blir det gjort gjeldande at bevistemaet er kor vidt ekteparet Sylju faktisk meinte at Flatabø har stole midlar frå dei. At ekteparet meinte og meiner det, gjekk fram av forklaringa dei gav i retten. Subsidiert må det eventuelt vurderast kor vidt det finst faktiske haldepunkt for at Flatabø har ”stjålet” midlar frå ekteparet Sylju.

Ordet ”stjålet” må tolkast som i artikkelen av 13. september 2008 der det står at ”*Kari og Brede Sylju hevder at advokaten urettmessig har tilegnet seg over 100 000 kroner som er innbetalt på klientkonto*”. Då er det også opplagt at det er tilstrekkeleg faktiske haldepunkt for utsegna. Det kan ikkje vere slik at ei publisert utsegn kan akseptrast, mens ei tilsvarande upublisert utsegn sett fram under arbeidet med artikkelen, ikkje kan akseptrast.

Krav om tilbakebetaling av klientmidlar er elles forfølgt ved forliksklage mot forsikrings-selskapa, og i brev og prosessvarsel av advokat Rødviik. Bokettersynsrapporten, som ikkje tek for seg dei åra Sylju var klientar av Flatabø, avdekka eit salig rot i rekneskapa, noko som også underbygger at ekteparet Sylju kan ha eit krav mot Flatabø. Han har dessutan før blitt pålagt å betale tilbake salær til ekteparet Sylju to gonger, og til Turid Olsen, men Disiplinærnemnda godkjende ikkje kravet Disiplinærutvalet hadde gitt ekteparet Sylju medhald i den eine av dei to gongene, av di nemnda meinte det var forelda.

Når utsegnene har faktisk forankring, er dei ikkje rettsstridige. Likevel blir andre moment som talar imot rettsstrid kommentert i det følgjande.

Andre element ved vurderinga av om det er eit påtrengande behov for å gjere inngrep

Media sin grunnleggande funksjon i saker av allmenn interesse, er å vere offentleg vaktbikkje og avsløre maktmisbruk, ulovlegheiter og uhelderlegheit. At ei utsegn er av allmenn interesse har betydning særleg i to relasjonar ved at slike utsegner har eit sterkt vern, og sjølv om utsegna er usann vil den likevel vere rettsmessig dersom journalisten ikkje kan klandrast i vesentleg grad.

Flatabø var leiar i Utlendingsnemnda og fekk massiv kritikk av Advokatbevillingsnemnda, Tilsynsrådet og ekteparet Sylju som han hadde hatt som klientar før. Han fekk likevel behalde

advokatbevillinga si av di han ikkje lenger praktiserte som advokat. Det er eit tankekors at ein person i hans rolle fekk så sterk kritikk.

Sylju sine klager var openbert medverkande til tilsynet. Dermed har erfaringane deira med Flatabø stor allmenn interesse. Det same gjeld dommen der Turid Olsen fekk erstatning på 1,3 millionar kroner, og utsegna om at Flatabø har tileigna seg klientmidlar, og det har media rett og plikt til å informere om. Det er ikkje utan betydning for publikum å vite at ein av leiarane i Utlendingsnemnda er kritisert, og det er kanskje det viktigaste momentet ved vurderinga av om det er eit påtrengande sosialt behov for å gripe inn i ytringsfridommen i saka her.

Ytringsfridommen rekk lenger ved vidareformidling enn ved eigne utsegn. Det skal særleg sterke grunnar til for å sanksjonere utsegner som har kome fram i intervju, uavhengig av om intervjuet er redigert eller ikkje. Kyrre Eggen seier på side 444 i boka "Ytringsfrihet", Cappelen Akademisk Forlag 2002, at "*ansvar for journalistisk vidareformidling av andres ulovlige ytringer som bidrar til å belyse en sak av allmenn interesse, kun i unntakstilfeller er akseptabelt*". Artikkelen i saka her blei balansert ved at Flatabø sitt tilsvar også var medteke.

Det ekteparet Sylju uttalar, blir støtta av forliksklagen, noko som gir utsegna eit særleg sterkt vern, ikkje minst av di den er teke med atterhald. VG tek ikkje stilling til utsegna, og let Flatabø kome til orde ved å gjengi tilsvaret hans. Det blir ikkje trekt nokon konklusjon i artikkelen.

Media kan ikkje avstå frå å gjengi eit intervju som også blir underbygd av ei forliksklage av di ein ikkje veit om kravet vil føre fram. Det er dessutan heilt irrelevant.

Ein offentleg person må tole meir av nærgåande og kritisk søkelys på seg enn ein privat person. Det skal ikkje mykje til før ein person blir sett som offentleg person. Det er ikkje tvilsamt at Flatabø er ein offentleg person, og han var ein kjent og omstridt advokat som sjølv har brukt media til å fronte sakene sine. I tillegg kjem at han har vore leiar av appellutvalet i Norges Idrettsforbund.

Dersom ytringa i ei sak av allmenn interesse har faktisk forankring, vil den aldri kunne bli rettsstridig sjølv om det skulle vere manglar ved undersøkinga gjort på førehand. Undersøkingsplikta varierar med kor grov og alvorleg skuldinga er. I saka her er ikkje påstandane alvorlege, det er tale om eit intervju der utsegna er gjengjeve med atterhald, og Flatabø avviste dei kontant. Dermed var ikkje undersøkingsplikta stor.

Haugsbø har 29 års erfaring som journalist og gjorde ein grundig jobb i saka. Han henta inn mykje dokumentasjon og snakka med mange, blant dei advokat Holthe, advokat Heide og Flatabø. Han hadde ikkje grunn til å mistru ekteparet Sylju ved intervjuet med dei, og dei hadde kravd bokettersyn i 2007 som førde til slikt ettersynet. Dermed var det hald i i alle fall i delar av det dei fortalde.

I tillegg kjem at advokat Heide ikkje ville kommentere saka, Flatabø avviste utsegnene som grunnlause utan å kommentere eller utdjupe dei, og det var ikkje gitt tilsvar til forliksklagen. Dermed måtte Haugsbø støtte seg på det Sylju og advokat Holthe sa, og det som kom fram i forliksklagen. Om kravet ville føre fram eller ikkje, var ikkje viktig av di det ekteparet Sylju sa var at dei var påført eit tap og ikkje at dei ville vinne fram med saka.

Flatabø fekk frist på 11 dagar på å svare på 16 – 18 spørsmål Haugsbø sende han, men Flatabø brukte tilsvarretten sin på ein måte som var tilnærma innhaldslaus. At Flatabø har imøtegått ei setning, fråtek ikkje Haugsbø hans gode tru.

Det er ikkje tvilsamt at Haugsbø fullt ut har vore aktsam, og her er det tale om lite grove skuldingar som Haugsbø undersøkte grundig, og då er kravet til å verifisere sanninga i skuldingane oppfylt. Haugsbø har med andre ord ikkje brote journalistetiske prinsipp.

Ein offentleg person som har handla kritikkverdig, må finne seg i meir enn andre personar. Flatabø har opptredd kritikkverdig over fleire år, ikkje minst overfor ekteparet Sylju ved at han to gonger har fått irettesettingar av Disiplinærnemnda med pålegg om å betale tilbake salær. Han har fått massiv kritikk av Tilsynsrådet og Advokatbevillingsnemnda, og han gjekk til sak mot Turid Olsen som gjekk til motsøksmål og vann. Han blei også underlagt ransaking og beslag, og gjekk dessutan sterkt ut mot ein annan advokat i 1991. Hans sterkt kritikkverdige opptreden over fleire år der han sjølv tidvis har uttala seg i harde ordelag, reduserar vernet han har krav på.

Det kan heller ikkje vere eit påtrengande sosialt behov for å mortifisere utsegna i e-posten til advokat Heide når utsegna i artikkelen av 13. september 2008 ikkje er imøtegått.

Retten pliktar sjølvstilt ikkje å dømme VG. Tvert om skal VG frifinnast.

Oppreisingserstatning

Skuldkravet er ikkje oppfylt sidan det ikkje er handla aktlaust, og skulle så vere tilfelle er det fakultativt om det skal tilkjennast oppreisingserstatning, noko som har blitt resultatet i fleire dommar, jf. side 14 NOU 1995:10 side 47 høgre spalte. Oppreisning er dermed også utelukka ut frå den grove kritikken Flatabø har fremma mot ekteparet Sylju. Dei to utsegnene som er angripne har elles ikkje ført til meirskade i høve til all annan kritikk Flatabø blei utsett for gjennom dei tre artiklane i VG.

Verdens Gang AS la under hovudforhandlinga ned slik påstand:

1. Verdens Gang AS, Bernt Olufsen og Frank Haugsbø frifinnes.
2. Per Olav Flatabø dømmes til innen to uker fra dommens forkynnelse å betalte Verdens Gang AS, Bernt Olufsen og Frank Haugsbø sakens omkostninger.

Retten si vurdering

Rettslege utgangspunkt

Kjem retten til at ei ytring er ærekrenkjande og sett fram med viten og vilje, kan den på visse vilkår mortifiserast i medhald av straffelova § 253. Oppreisning kan tilkjennast etter skadeerstatningslova § 3-6. Fyrste ledd, som er den bestemmelsen som er aktuell i saka her, lyder som følgjer:

Den som krenker en annens ære eller privatlivets fred, skal, såfremt han har vist uaktsomhet eller vilkårene for straff er til stede, yte erstatning for den lidte skade og slik erstatning for tap i fremtidig erverv som retten under hensyn til den utviste skyld og forholdene ellers finner rimelig. Han kan også pålegges å betale slik erstatning (oppreisning) for skade av ikke økonomisk karakter som retten finner rimelig.

Negativ omtale er noko dei fleste reagerar på, men at omtalen er negativ, er ikkje tilstrekkeleg til at den rettsleg sett er ærekrenkjande. Grunnvilkåret for at det skal føreligge ærekrenking, er at det er sett fram ei ytring som blir ramma av det objektive gjerningsinnhaldet i straffelova § 246 eller § 247. Straffelova § 247, som er det aktuelle straffebodet i saka her, lyder slik:

Den som i ord eller handling optrer på en måte som er egnet til å skade en annens gode navn og rykte eller til å utsette ham for hat, ringakt eller tap av den for hans stilling eller næring fornødne tillit, eller som medvirker dertil, straffes med bøter eller med fengsel inntil 1 år. Er ærekrenkelsen forøvet i trykt skrift eller i kringkastingsending eller ellers under særdeles skjerpene omstendigheter, kan fengsel inntil 2 år anvendes.

Er det bevist at ei ytring er sann, er forholdet som den store hovudregelen ikkje straffbart sjølv om ytringa i utgangspunktet skulle vere ærekrenkjande, jf. straffelova § 249 nr. 1. Ei slik ytring er dermed rettmessig og kan derfor ikkje mortifiserast og utløyser heller ikkje erstatningsansvar. Unntak frå det følgjer av straffelova § 249 nr. 2 som seier at sjølv om det er ført sanningsbevis for ei ytring kan forholdet likevel vere straffbart dersom ytringa er sett fram på ein utilbørleg måte, men så er ikkje påstått i saka her.

Ei ytring som i utgangspunktet er ærekrenkjande, kan også vere straffri dersom den har skjedd til *”berettiget varetagelse av eget eller andres tarv”* og det er utvist *”tilbørleg aktsomhet”*, jf. straffelova § 249 nr. 3. Det medfører likevel ikkje at det blir sett som rettmessig å ha sett fram ytringa. Dermed kan den mortifiserast sjølv om forholdet ikkje er straffbart, men det utløyser ikkje erstatningsansvar for den som har sett den fram. Kyrre Eggen har i *”Ytringsfrihet”*, Cappelen akademisk forlag, Oslo 2002, sagt på side 844 at: *”Det kan diskuteres om ikke bestemmelsen i strl. § 249 nr. 3 har utspilt sin rolle. Årsaken er at ytreren vil kunne påberope seg at ytringen er rettmessig etter rettsstridsreservasjonen i de fleste situasjoner hvor vilkårene i strl. § 249 nr. 3 er oppfylt.”*

Poenget er at ei ytring som fell inn under gjerningsinnhaldet i straffelova § 246 eller § 247 ikkje

er straffbar dersom den ikkje er rettsstridig. Rett nok står ikkje det uttrykkeleg i straffelova § 247 slik det gjer i § 246, men etter sikker rettspraksis må det tolkast inn i bestemmelsen. Den kan dermed ikkje lesast bokstavleg sidan andre omsyn utanom sjølve ordlyden kan tilseie at eit forhold som blir ramma av ordlyden, likevel må karakteriserast som rettmessig. Med utgangspunkt i Ot.prp.nr. 37 av 1938 på side 3, har kravet om rettsstrid gjerne blitt omtala som eit spørsmål om ytringa framstår som utilbørleg.

I saka her vil særleg omsynet til ytringsfridommen kome inn som eit tungtvegande moment. Ei ytring som fell inn under ytringsfridommen, vil vere rettmessig. Høgsterett har i ein orskurd i Norsk Retstidende (Rt.) 2000 side 279 flg. sagt at rettsstridsreservasjonen gjeld både i forhold til straff, mortifikasjon, oppreisning og erstatning. Vidare er det i ein Høgsterettsdom i Rt. 2003 side 1190 sagt at omgrepet rettsstrid har det same innhaldet i høve til oppreisning som det har i straffeboda, og det er vist til at det same er sagt i Rt. 1999 side 1541.

I avsnitt 53 i Rt. 2003 side 1190 står det at:

Idømmelse av oppreisning anses klart som et inngrep i ytringsfriheten etter EMK artikkel 10. Dette innebærer at EMDs og Høyesteretts praksis i tilknytning til dette spørsmålet er den primære rettskilde når man skal ta stilling til hvilke ærekrenkende utsagn som er omfattet av ytringsfrihetsbeskyttelsen i EMK artikkel 10, jf. lov 21. mai 1999 nr. 30 (menneskerettsloven) § 2 nr. 1.

Den europeiske menneskerettsdomstolen (EMD) har i Bergens Tidende-dommen av 2. mai 2000 (EMD-1995-26132) i norsk språkdrakt sagt i avsnitt 48:

I henhold til Domstolens veletablerte rettspraksis er ytringsfriheten en av grunnpilarene for et demokratisk samfunn og en av de grunnleggende forutsetninger for et demokratisk samfunns utvikling og det enkelte individs muligheter til å realisere seg selv. I henhold til artikkel 10 nr. 2 gjelder det ikke bare ”opplysninger” eller ”tanker” som blir godt mottatt eller som anses som harmløse eller likegyldige, men også ”opplysninger” og ”tanker” som virker krenkende, sjokkerende eller forstyrrende. Dette er kravene som pluralisme, toleranse og vidsyn stiller, som er nødvendige forutsetninger for et ”demokratisk samfunn”. Denne frihet er begrenset av unntakene fastsatt i artikkel 10 nr. 2, som dog må fortolkes strengt. Behovet for begrensninger må godtgjøres på en overbevisende måte.

Følgjeleg er utgangspunktet at det er behovet for inngrep i ytringsfridommen som må godtgjerast ved tvist om ei ytring er ærekrenkjande.

Vernet av omdømme er i følgje Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 10 nr. 2 eitt av unntaka som kan grunngi innskrenkingar i ytringsfridommen. I nokre nyare avgjerder av EMD er det dessutan vist direkte til EMK artikkel 8 som pålegg statane å verne om borgarane sitt privatliv. Retten skyt inn at avveging av ytringsfridom opp mot vern av ære og omdømme, også er relevant i høve til FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar som òg er gjort til norsk lov gjennom menneskerettslova. Ære og omdømme er gitt vern i artikkel 17 mens

det i artikkel 19 om yringsfridom er presisert at utøvinga av den kan avgrensast når det er nødvendig av omsyn til respekten for andre sitt omdømme.

I ein dom av EMD av 9. april 2009 i sak EMD-2006-18070 er det sagt i avsnitt 64 og 65:

... In order for Article 8 to come into play, the attack on personal honour and reputation must attain a certain level of gravity and in a manner causing prejudice to personal enjoyment of the right to respect for private life.

The question is whether the State has achieved a fair balance between the applicant's "right to respect for his private life" under Article 8 and the newspaper's right to freedom of expression guaranteed by article 10 of the Convention.

Sidan straffelova § 247 også vernar om personleg omdømme, inneber det refererte i realiteten at vernet som er gitt i straffelova § 247, må balanserast mot retten til yringsfridom som følgjer av grunnlova § 100. Retten legg dessutan til grunn at for at vernet om privatlivet skal kunne gå framfor vernet om yringsfridom, må angrepet på personleg ære og omdømme vere heller alvorlig ut frå at EMD seier at det må "*attain a certain level of gravity*".

I den same dommen er det sagt i avsnitt 66:

... the Court considers that the competent authorities in the respondent State should be accorded a wide margin of appreciation in assessing the need to protect the applicant's private life under Article 8 as opposed to that of safeguarding the newspaper's freedom of expression under Article 10.

Myndighetene i det enkelte landet har altså i følge EMD ein vid skjønnsmargin ved konflikter mellom vernet om privatlivet kontra vernet om media sin rett "*to impart information on a matter of public concern, including on ongoing criminal proceedings, and the right of the public to receive such information*", som det er sagt i avsnitt 65 i dommen.

I Rt. 2001 side 1720 har andrevoterande som representant for fleirtalet, sagt på side 1732 at:

Så lenge sannheten i beskyldningen ikke er bevist, jf. straffeloven § 249 nr. 1, sier det seg selv at sterke hensyn står mot hverandre ved den grensedragnin som må finne sted mellom yringsfriheten slik denne er fastsatt i artikkel 10 nr. 1, og vernet av omdømmet, som er ett av unntakene som er hjemlet i artikkel 10 nr. 2. Etter EMDs praksis er denne avveiningen ofte kasuistisk preget med sikte på å finne en "fair balance", jf. Lorentzen mfl.: Den Europæiske Menneskeretskonvention, København 1994 side 55-56.

I Innst. O. nr. 73 (2008-2009) er det nærmare innhaldet i omgrepet rettsstrid foreslått kodifisert i ny skadeerstatningslov § 3-6a andre ledd ut frå EMD sin praksis. Forslaget lyder som følgjer:

En ærekrenkende ytring medfører ikke ansvar etter første ledd dersom den anses berettiget etter en avveining av de hensyn som begrunner yringsfrihet. Ved denne vurderingen skal det særlig legges vekt på om ytringen hviler på et fyllestgjørende faktisk grunnlag, på ytringens grad av krenkelse, og om hensynet til den krenkende er tilfredsstillende ivaretatt ved for eksempel adgang til imøtegåelse, om allmenne interesser eller andre gode grunner tilsa at

den ble satt frem og om ytreren har vært i aktsom god tro med hensyn til de momenter som kan gjøre ytringen berettiget.

Det skal i følge forslaget legges særlig vekt på dei momenta som er lista opp, men det går fram av ordlyden at opplistinga ikkje er uttømmende.

Vurderinga av om ei skriftleg utsegn objektivt sett er ei ærekrenking, og om den er rettsstridig, skal gjerast ut frå korleis ein alminnelig lesar med utgangspunkt i ordlyden, typografien og den innbyrdes samanhengen i heile den skriftlege teksten, vil oppfatte det som står der. Høgsterett har i Rt. 2005 side 1677 påpeikt at EMD i sine avgjerder viser til den oppfatninga ein "ordinary reader" gjer seg. Borgarting lagmannsrett har i ein dom av 25. september 2008 i sak 07-183948 ASI-BORG/04 vist til at Kyrre Eggen på side 413 i boka "Ytringsfrihet", ut frå EMD sin praksis, har samanfatta ein "ordinary reader" slik:

EMDs avisleser lesar ikkje bare overskrifter, men hele artiklene og endog avisens oppfølgingsartikler. EMD opererer heller ikkje med en lesar som er spesielt uintelligent. Vedkommende forstår at en sak har flere sider. Han forstår forskjellen mellom ytrerenes egne meningsytringer og vurderinger på den ene side, og vedkommendes presentasjon av faktum på den andre side, og at det uttrykkes mistanke om noe ikke nødvendigvis innebærer at vedkommende mistanken rettes mot, er skyldig.

Retten legg til grunn at det nemnde er gjeldande rett.

Utsegna om at "Syljus hevder ... at Flatabø har stjålet midler fra dem"

Per Olav Flatabø har gjort gjeldande at to utsegner i ein e-post av 20. august 2008 frå journalist Frank Haugsbø til advokat Joar Heide, skal vere ærekrenkjande. Den fyrste utsegna lyder som følgjer: "*Syljus hevder som du er kjent med at Flatabø har stjålet midler fra dem ...*".

Ekteparet Sylju sin påstand om at Flatabø har stole midlar frå dei, er skuldning om tjuveri som er straffbart. Skuldninga gjeld følgjeleg eit heller alvorleg forhold, men Haugsbø har ikkje slått fast som eit faktum at Flatabø har stole midlar frå ekteparet Sylju, men at dei meiner at han har gjort det. Følgjeleg er det tale om ei meiningsytring og ikkje ein faktapåstand. Det går elles fram av e-posten at skuldninga er sett fram under eit intervju med ekteparet Sylju "*i forbindelse med deres bestrebelse på å få erstatning i kjølevannet av kontakten med advokat Per Flatabø*". Dermed vil den som les heile e-posten i samanheng forstå at "stjålet" er brukt i ei meir folkeleg betydning av ordet og ikkje nødvendigvis i den betydninga det har juridisk sett. Dermed finn retten at det er noko tvilsamt om Haugsbø har opptredd på ein slik måte at det er tale om ei ytring som er eigna til å skade Flatabø sitt gode namn og rykte. Retten tek likevel ikkje endeleg stilling til om utsegna fell inn under det objektive gjerningsinnhaldet i straffelova § 247 då den finn at utsegna uansett ikkje er rettsstridig.

Retten finn det bevist at Haugsbø sende e-posten av 20. august 2008 til advokat Heide i samband med at han gjorde forundersøkingar med sikte på oppslag i VG om forhold som gjekk på Flatabø sitt arbeid som advokat. Rett nok hadde Flatabø slutta som advokat på det tidspunktet, men etter retten si meining er verksemda advokatar driv, uansett av offentleg interesse. At Flatabø var nemndleiar i Utlendingsnemnda på det tidspunktet skuldinga blei sett fram, svekka dessutan ikkje hans rolle som offentleg person. Sidan media mellom anna har til oppgåve å rette kritisk søkelys på korleis offentlege roller blir utøvd, må vurderinga av om utsegna er rettsstridig, gjerast med utgangspunkt i media si rolle som offentleg vaktbikkje.

I e-posten er det opplyst at det var ekteparet Sylju som meinte at Flatabø hadde stole midlar frå dei. Dermed er det tale om vidareformidling av andre sine uttaler som er kome fram under intervju med dei med sikte på oppslag i pressa. I Jersilddommen av 1994 har EMD sagt i avsnitt 35 at: *"The punishment of a journalist for assisting in the dissemination of statements made by another person in an interview would seriously hamper the contribution of the press to discussion of matters of public interest and should not be envisaged unless there are particularly strong reasons for doing so."*

Sidan Brede Sylju sa i retten at han hadde brukt ordet "stjålet" då Haugsbø intervjuar han, og retten dermed finn at han er korrekt gjengjeve i e-posten, inneber det nemnde etter retten si meining at det avgjerande med omsyn til om Haugsbø har handla rettsstridig ved å vidareformidle utsegna, er i kva grad utsegna hadde faktisk forankring, kva motivet var for å vidareformidle den, og om framstillinga elles var i samsvar med journalistetiske prinsipp.

Det går fram av e-posten at ekteparet Sylju sette fram skuldinga i samband med at Haugsbø intervjuar dei *"i forbindelse med deres bestrebelse på å få erstatning i kjølevannet av kontakten med advokat Per Flatabø."*

9. november 2007 tok advokat Knut Arne Holthe på vegne av ekteparet Sylju, ut forliksklage mot AIG Europe og Atradius. E-posten blei sendt til advokat Heide som representant for dei to forsikringsselskapa. Retten finn at Haugsbø hadde legitim grunn til å begynne den nærmare undersøkinga av skuldingane ekteparet Sylju hadde sett fram mot Flatabø i intervjuet, med å be den som var representant for Flatabø sine forsikringsselskap i erstatningssaka, om å uttale seg.

Pkt. 2 i påstanden i forliksklagen lyder som følgjer: *"Atradius er ansvarlig for feilaktig tilbakeholdelse av klientmidler tilhørende Brede og/eller Kari Sylju på Per Flatabøs klientkonto."* På side 2 i forliksklagen står det at: *"Advokat Flatabø antas å ha holdt tilbake ca kr 100.000,- på sin klientkonto, som skulle ha vært utbetalt til Brede og Kari Sylju."* Flatabø har vedgått at det var ei viss faktisk forankring i påstanden i forliksklagen om at ekteparet Sylju kunne ha til gode innbetalte klientmidlar. Det blir i så måte vist til at Disiplinærnemnda 20. oktober 2004 meinte at Flatabø hadde teke rundt kr 71.000 for mykje i salær av ekteparet Sylju.

9. mai 2005 påla dessutan Disiplinærutvalet Flatabø å betale tilbake ytterlegare i alt kr 72.000 i salær til ekteparet Sylju, men Disiplinærnemnda kom til at det kravet var forelda.

I forliksklagen er Flatabø skulda for urettmessig å ha halde tilbake pengar som sto på klientkonto, noko som i strafferettsleg terminologi er underslag mens det i e-posten er sagt at ekteparet Sylju har påstått at Flatabø har stole midlar frå dei. Sjølv om underslag og tjuveri er forskjellige straffbare forhold, er det ikkje uventa at ein ikkje-jurist ikkje skil mellom dei to omgrepa, og både tjuveri og underslag er økonomisk kriminalitet.

I e-posten brukte Haugsbø dei same orda som Brede Sylju hadde brukt i intervjuet, og EMD har i "Bergens Tidende-dommen" av 2. mai 2000 i sak EMD-1995-26132 sagt at: "*Journalistisk frihet også omfatter eventuell bruk av en viss grad av overdrivelse eller til og med provokasjon.*" Som advokat for dei to innklaga var Heide dessutan kjent med det nærmare grunnlaget for skuldinga sidan han hadde motteke forliksklagen av 9. november 2007 der det gjekk fram at det var tale om skulding om "*feilaktig tilbakeholdelse av klientmidler*", og retten legg til grunn at advokatar i enno større grad enn ein "ordinary reader" set seg inn i alt som gjeld den aktuelle saka. I tillegg kjem at Haugsbø hadde legitim grunn til å kontakte advokat Heide, og at han aleine vidareformidla til han og ingen andre, ekteparet Sylju si skulding om at Flatabø hadde stole midlar frå dei. Dermed finn retten at Haugsbø overheld journalistetiske prinsipp.

I tillegg kjem at då intervjuet med ekteparet Sylju sto på trykk i VG 13. september 2008, var den nemnde utsegna moderert ved at det då sto at: "*Kari og Brede Sylju hevder at advokaten urettmessig har tilegnet seg over 100 000 kroner som er innbetalt på klientkontoen.*"

Konklusjonen er at stilt opp mot Flatabø sin rett til vern av omdømmet sitt, finn retten at Haugsbø si vidareformidling av skuldinga om at Flatabø har stole midlar frå ekteparet Sylju, ikkje er så grov at det er samfunnsmessig behov for å reagere med inngrep i Haugsbø sin ytringsfridom under utøvinga av hans rolle som offentleg vaktbikkje. Følgjeleg blir journalist Frank Haugsbø frifunne for dette forholdet.

Utsegna om at ekteparet Sylju meiner at Flatabø "har påført dem er tap på inntil tre millioner kroner"

Flatabø har gjort gjeldande at ei utsegn i ein artikkel av Haugsbø i VG 13. september 2008, er ærekrenkjande. Utsegna går ut på at ekteparet Sylju "*... mener han også har påført dem et tap på inntil tre millioner kroner, fordi Flatabø skal ha glemt å ta ut et erstatningskrav mot Akershus fylkeskommune og et skadeforsikringselskap i forbindelse med yrkesskadesaken til Kari Sylju.*" Den same utsegna går fram av e-posten av 20. august 2008 frå journalist Frank Haugsbø til advokat Joar Heide der det står at: "*Syljus hevder som du er kjent med at Flatabø ... har glemt å sende inn et erstatningskrav på tre millioner kroner og således påført dem et stort tap*".

I denne utsegna påstår ekteparet Sylju at Flatabø har påført dei eit tap på inntil tre millionar kroner. Vidare går det fram at grunnen til det er at Flatabø har gløymd å fremme eit erstatningskrav, noko som inneber at han er skulda for å ha handla aktlaust ved utøvinga av sitt verke som advokat. Forholdet Flatabø blir skulda for her, er dermed ikkje av dei alvorlegaste sjølv om det etter retten si meining er eigna til å utsette han for tap av tillit. På den andre sida er det ikkje slått fast som eit faktum at Flatabø har påført ekteparet Sylju eit tap, men at dei meiner at han har gjort det. Slik sett er det tale om ei meiningsytring og ikkje ein faktapåstand, noko som svekker alvoret i skuldinga. Sett i samanheng med at det med orda ”skal ha” er teke atterhald i artikkelen med omsyn til grunnlaget for tapet ekteparet Sylju meiner dei er påført, finn retten at det er noko tvilsamt om VG og Haugsbø har opptredd på ein slik måte at det er tale om ei ytring som er eigna til å utsette Flatabø for tap av tillit. Retten tek likevel heller ikkje endeleg stilling til om denne utsegna fell inn under det objektive gjerningsinnhaldet i straffelova § 247 då den finn at den uansett ikkje er rettsstridig.

I førre hovudavsnittet har retten påpeikt at forholda som blei teke opp i dei tre artiklane i VG i september 2008, gjekk på Flatabø sitt tidlegare verke som advokat, og at han på det tidspunktet var nemndleiar i Utlendingsnemnda slik at han framleis hadde ei rolle som offentleg person. Dermed må også vurderinga av om utsegna om at ekteparet Sylju meiner at Flatabø har påført dei eit økonomisk tap på inntil tre millionar kroner, er rettsstridig, gjerast med utgangspunkt i media si rolle som offentleg vaktbikkje.

Både i artikkelen i VG 13. september 2008 og i e-posten av 20. august 2008 frå Haugsbø til advokat Heide, er det opplyst at det var ekteparet Sylju som meinte at Flatabø hadde påført dei eit tap. Dermed er det også her tale om vidareformidling av andre sine uttaler som er kome fram under intervju med dei med sikte på opplag i pressa, noko som inneber at det må spesielt sterke grunnar til for at forholdet skal vere rettsstridig, jf. avsnitt 35 i Jersilddommen av EMD.

Etter retten si meining inneber det at det avgjerande med omsyn til om VG og Haugsbø har handla rettsstridig ved å vidareformidle utsegna, er kva motivet var for å vidareformidle utsegna, i kva grad den hadde faktisk forankring, og om framstillinga var balansert og elles i samsvar med journalistetiske prinsipp.

Den fyrste av dei tre artiklane i VG i september 2008 om Flatabø sitt verke som advokat, fokuserte i hovudsak på at Tilsynsrådet for advokatverksemd på grunnlag av ein boketter-synsrapport, hadde retta sterk kritikk mot Flatabø for brot på regelverket vedrørende organiseringa av advokatverksemda han hadde drive, rekneskapsføringa, meirverdiavgiftshandteringa og behandlinga av betrudde midlar, og hadde innstilt overfor styret i Tilsynsrådet at han blei rapportert inn for Advokatbevillingsnemnda med forslag om å kalle tilbake advokatbevillinga hans.

I den andre artikkelen 13. september 2008 går det fram av ingressen at: *"I januar 2003 rapporterte Kari og Brede Sylju advokat Per Flatabø til Den Norske Advokatforening for første gang. Fire år senere gikk revisorene til aksjon."* Følgjeleg har intervjuet med ekteparet Sylju samanheng med bokettersynsrapporten som var omtala i VG dagen før, og retten finn at VG sitt motiv for å gjengi intervjuet med ekteparet Sylju var å folkeleggjere Tilsynsrådet sin kritikk av Flatabø, noko som ikkje er kritikkverdig. Ekteparet Sylju sa dessutan i retten at dei meinte og meiner at Flatabø har påført dei eit tap på inntil tre millionar kroner, og dermed finn retten at dei er korrekt gjengjevne både i e-posten Haugsbø sende advokat Heide 20. august 2008, og i artikkelen i VG 13. september 2008.

Påstanden om at ekteparet Sylju er påført eit tap på inntil tre millionar kroner, blir underbygd av at Flatabø 21. desember 2001 tok ut forliksklage mot Sparebank 1 Skadeforsikring og Akershus fylkeskommune med påstand om at dei skulle dømmast til å betale Kari Sylju inntil tre millionar kroner i erstatning ut over det ho alt var blitt tilkjent i erstatning ved Borgarting lagmannsrett sin dom av 28. februar 2002 for skade ho var påført under arbeid i juni 1989. I ny forliksklage av 14. november 2007 fremma Kari og Brede Sylju v/advokat Knut Arne Holthe krav mot AIG Europe og Atradius der det er argumentert med at AIG Europe er ansvarleg for at Kari Sylju sitt krav om erstatning er blitt forelda som følgje av at advokat Flatabø har forsømt seg.

Om Kari Sylju kunne ha fått større erstatning om kravet hadde blitt fremma i tide, og om Flatabø har forsømt seg i så måte, treng retten ikkje å ta stilling til. Poenget er at ekteparet Sylju sin påstand om at dei er påført eit tap på tre millionar kroner, blir underbygd av forliksklagen Flatabø sjølv tok ut i 2001. At Flatabø er ansvarleg for eventuelt tap, blir underbygd av forliksklagen advokat Holthe tok ut i 2007. Det nemnde gir etter retten si meining tilstrekkeleg faktisk haldepunkt til at VG kunne gå ut offentleg med ekteparet Sylju sin påstand om at Flatabø skal ha påført dei eit tap på inntil tre millionar kroner.

Haugsbø sende dessutan 22. august 2008 ei liste med 17 spørsmål til Flatabø der tre av dei gjekk på dei to skuldingane Flatabø meiner er ærekrenkjande. Han fekk dermed høve til å imøtegå skuldingane.

1. september 2008 svara Flatabø pr. e-post på nokre av spørsmåla, og han gav følgjande svar på spørsmål som gjekk på ekteparet Sylju sine påstandar: *"De krav ektefellene Sylju påstår å ha tilbakeviser jeg som fullstendig grunnløse"*. Han avslutta e-posten med å opplyse om at: *"Ut over dette ønsker jeg ikke å kommentere saken."* Dei to refererte setningane er inntekne til slutt i artikkelen i VG 13. november 2008 slik at personar EMD karakteriserar som ein "ordinary reader", vil forstå at ekteparet Sylju sin påstand om at Flatabø har påført dei eit tap på inntil tre millionar kroner, er omstridd og ikkje nødvendigvis korrekt.

Retten finn at VG og Frank Haugsbø formidla Sylju si utsegn om at Flatabø har påført dei eit tap på inntil tre millionar kroner, på ein tilstrekkeleg balansert måte og innanfor ramma av

journalistiske prinsipp ved at Flatabø mellom anna fekk høve til å uttale seg før utsegna kom på trykk, og ved at kommentarane han hadde blei gjengjeve i den same artikkelen.

Konklusjonen er at sjølv om vidareformidlinga av uttalen innebar negativ omtale av Flatabø, er den ikkje så grov at Flatabø sin rett til vern av omdømmet sitt, medfører at det er samfunnsmessig behov for å reagere med inngrep i VG og Haugsbø sin ytringsfridom under utøvinga av deira rolle som offentleg vaktbikkje. Følgjeleg blir Verdens Gang AS, redaktør Bernt Olufsen og journalist Frank Haugsbø frifunne for dette forholdet.

Sakskostnader

Dei saksøkte har vunne saka fullt ut. Dermed kjem tvistelova § 20-2 til bruk ved avgjerda av kven av partane som skal dekke sakskostnadene, jf. straffeprosesslova § 440 fyrste ledd. Sidan retten ikkje kan sjå at nokon av unntaka i andre ledd kjem til bruk, blir Per Olaf Flatabø pålagt å dekke sakskostnadene dei saksøkte har hatt innanfor det som er nødvendig, jf. tvistelova § 20-5.

Dei saksøkte sin prosessfullmektig har lagt fram sakskostnadsoppgåve på i alt kr 198.000, av det kr 192.000 i salær for 64 timars arbeid med saka, og kr 6.000 til kopiering, diett og reise, alt utan meirverdiavgift. Motparten sin prosessfullmektig har til samanlikning lagt fram kostnadsoppgåve på kr 191.727 med tillegg av meirverdiavgift og rettsgebyr, og har opplyst at det er gått med 109,25 timar til arbeid med saka.

Retten finn at sakskostnadene dei saksøkte har kravd erstatta, ligg innanfor det som er nødvendig, og pålegg derfor Flatabø å betale dei saksøkte i alt kr 198.000 i sakskostnader innan to veker frå forkynninga av dommen her.

D o m s s l u t n i n g :

1. Verdens Gang AS, Bernt Olufsen og Frank Haugsbø blir frifunne.
2. Per Olav Flatabø skal betale sakskostnader til Verdens Gang AS, Bernt Olufsen og Frank Haugsbø med 198.000 – eithundreogmittiåttetusen – kroner innan 2 – to – veker etter forkynninga av dommen her.

Oddmund Svarteberg

Turid Elisabeth Läckström

Lasse Rex Gunneriussen

Dommen kan ankast til lagmannsretten.

Gjeld anken spørsmål om straff og / eller mortifikasjon, er ankefristen toveker. Ankefråsegna må sendast til tingretten. Den ankande parten kan òg ta kontakt med kontoret til retten og få ankefråsegna nedskriven og underskriven der. Dersom saksøkjjar ankar, må han få ein advokat til å føre saka for ankedomstolen. Det same gjeld for den saksøkte, dersom saken gjeld ærekrenking. Dersom saka ikkje gjeld ærekrenking, og den saksøkte (domfelte) ankar, overtar påtalemakta forfølginga og sørgjer for at ankefråsegna blir forkynt for saksøkjaren. Dersom saksøkjaren ankar, må ankefråsegna bli forkynt for den saksøkte innan ankefristen går ut, jf. straffeprosesslova § 421 andre ledd, andre punktum.

Gjeld anken sivile krav, gjeld reglane i tvistelova. Anken må i slike tilfelle leggast fram for tingretten innan ein månad frå dommen er forkynt. Samtidig med ankefråsegna må den ankande parten betale eit ankegebyr, som er 24 gonger rettsgebyret. Dersom hovudforhandlinga har vart i meir enn ein dag, aukar gebyret. Dersom anken gjeld ein formuesverdi under 125 000 kroner, kan den ikkje fremjast utan samtykke frå lagmannsretten. Søknad om samtykke må i slike tilfelle sendast inn samtidig med ankefråsegna.